

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2020/2021 Årgang 47

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

FØRJULSTIDA

Også i dette «annleisåret» er førjulstida ei flott tid med julelukter og førjulskos både på skulen og i SFO. Me har juleforming, baking, adventkos, morgonstund i lavvoen, luciafeiring, osb. Me vil og ha det vanlege programmet med juleverkstad, grautfest og julefest, men på grunn av smitteverntiltak blir det gjort på ein annan måte i år. Det meste skjer i kohortane, men me vil ha underhaldningsdelen på julefesten i lag. Då deler me MUNA i to med eit julepynta langbord, og har ein kohort på kvar side. Foreldre og familie får diverre ikkje vere med på noko, men me meiner elevane vil få ei god og kjekk førjulstid. Me vil ta bilete og sende heim slik at dokker får ta del i litt av julestemninga.



Tysdag 8.12 Juleverkstad og grautfest for alle elevane. Me har vanleg juleverkstad og grautfest, men deler oss i to kohortar, så i år blir det 2 mandler i grauten.

Elevar som ikkje likar graut må ha med seg niste.

I år blir det ikkje mogleg for føresette å vera med på juleverkstaden.

Torsdag 17.12 Julefest heile skuledagen. Me håpar alle, både elevar og vaksne, kan vere julepynta. Elevane treng ikkje ha med seg skulebøker og niste. Det blir underhaldning og festprogram i eit julepynta MUNA. Alle klassane har underhaldningsinnslag. Det blir vidare servert påsmurte rundstykker og kringle i kohortane. Her blir det og leikar, julekos og nissebesøk.

Fredag 18.12 Siste skuledag før jul. Klassane har eigne program. Skulen sluttar til vanleg tid. SFO er open til kl. 16.30.

Rådsorgan Vik skule 2020-2021

Elevrådet

| Namn | Klasse | Funksjon / representant i |
|-------------------------|----------|---|
| Reiar Winterhus Julsrud | 4.kl. | Medlem |
| Eirik Andersen Sætre | 5.-6.kl. | Medlem i SU og Barnas kommunestyre |
| Eira Alne-Isaksen | 5.-6.kl. | Skrivar |
| Thea Rødde | 7.kl. | Leiar, medlem i SU og Barnas kommunestyre |

FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

| Namn | Klasse | Funksjon / representant i |
|----------------------|--------|--------------------------------|
| Even Jacobsen | 1.kl. | Medl. i skulemiljøutvalet |
| Mona Aksdal | 2.kl. | Skrivar |
| Roger Bauge | 3.kl. | Medl. i kommunalt kontaktutval |
| Elisabeth W. Julsrud | 4.kl. | Medl. i SU |
| Knut Øvstedal | 5.kl. | Medl. i kommunalt kontaktutval |
| Elin Sætre | 6.kl. | Leiar i FAU og medlem i SU |
| Ole Petter Bjerga | 7.kl. | |

SU- Samarbeidsutvalet

| Namn | For | Funksjon |
|-------------------------|------------------------|-----------|
| Elin Sætre | FAU skulen | |
| Elisabeth W. Julsrud | FAU skulen | Leiar |
| Tonje Strand Alne | Foreldreråd barnehagen | |
| Sandra Marie B. Sælemyr | Foreldreråd barnehagen | Nestleiar |
| Ingrid L. Sandvik | Lærarane | |
| Anne Byrkja | Tilsette barnehagen | |
| Ellen Skretteberg | Tilsette barnehagen | |
| Berit Skartland | Andre tilsette skulen | |
| Eirik S. Sætre | Elevrådet | |
| Thea Rødde | Elevrådet | |
| Tormod Sandsgård | Kommunen | |
| Anne Marte W. Tveit | Kommunen | Skrivar |

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 29.09.20

Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er til vanleg SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar. Elisabeth Winterhus Julsrud blei valt til leiar og Sandra Marie B. Sælemyr til nestleiar.

Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Anne gikk gjennom årsplanen for barnehagen. Årsplanen er skrevet med utgangspunkt i ein kommunal mal. Anne orienterte mellom anna om satsingsområda dette barnehageåret som er BTI og ReKom. BTI, Betre Tverrfagleg Innsats, er ein samhandlingsmodell for tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Frå 01.08.20 skal denne brukast fullt ut i heile kommunen. ReKom står for Regional kompetanseutvikling. Alle dei kommunale barnehagane i kommunen er med på dette, og me samarbeidar med Høgskulen på Vestlandet. I arbeidet er det både samarbeid mellom barnehagane og arbeid med eigne problemstillingar. Me i Vikebygd barnehage har valt problemsitllingen; «Korleis gjennomføre eit harmonisk måltid for barn og tilsette i barnehagen».

Det blei gjort ei lita endring med ei ekstra underoverskrift i avsnittet om Sjukdom og Covid-19. Etter dette blei årsplanen godkjent.

Sak 4 Diverse orienteringssaker

- **Covid -19**

Me følger heile tida smittevernreglane som er gjeldande. Barnehage og skulekvardagen har nå i haust ikkje vore mykje annleis enn før koronaen. Barnehagen fungerer som ein kohort, 1.-4. klasse som ein og 5.-7. klasse som ein. Alle skuleelevane kan likevel vere i lag ute i friminutta. Me kan førebels ikkje ha morgon-SFO saman med barnehagen slik me pleier, og har difor bestillings-SFO frå dag til dag om morgonen.

- **Skulen sine satsingsområde**

Nye læreplanar

Hovudsatsingsområdet vårt i år er å innføra og bruka ny læreplan for grunnskulen som blei igjort gjeldande frå 01.08.2020. Me erfarer at mykje er likt som før i norsk og matte i begynnaropplæringa. I andre fag kjem meir tverrfaglege tema og tverrfagleg arbeid inn heilt frå 1. trinn. Meir tverrfagleg arbeid gjer at me får meir tid til å bil i stoffet og kan få tid til å gjere meir kjekke ting / andre ting. Elevane skal drøfte, utforske, reflektere og sjå samanhengar. Dei skal ikkje berre tilegne seg kunnskap, men og kunne bruke den.

Tverrfaglege tema: Skulen jobbar nå med å leggje til rette for god læring innanfor dei tre tverrfaglige tema: folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og bærekraftig utvikling. Dette er ikkje eigne fag, men tema som skal komme inn i alle fag. Temaa tar utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar som krev engasjement og innsats frå kvar enkelt og fellesskapet både i lokalsamfunnet, nasjonalt og globalt.

Elevrepresentantane Sølve og Eirik viste og fortalde om noko av det dei nå jobbar med på skulen, og som har utgangspunkt i dei nye læreplanane. Dei hadde jobba mykje med nettvett og hadde laga ein artig film om nettvettreglane. Dei fortalte og om bruk av nytt digitalt læreverkk i matematikk, Campus Matte, og om Super:bit opplegget i programmering som dei hadde hatt denne veka. Tusen takk til Eirik og Sølve.

- **Barnehagen sine satsingsområde**

Desse blei tatt opp under behandling av årsplanen for barnehagen.

- **Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.**

Tema i år: «Ålfjorden». Kulturettermiddagen blir 8.juni. Dette blir det 14. året me brukar temaplanen for lokale tema. Me jobbar med tema i ca. 3 veker og avsluttar

alltid med kulturettermiddag i samarbeid med FAU. Me håpar det kan bli mogleg dette skuleåret og.

Sak 5

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjetttramma.

Sak 6 Barnehage og skulebruksplan

SU skal ikkje vere direkte høyringsinstans for barnehage og skulebruksplanen. Foreldrerepresentantane som er med i SU tar dette arbeidet vidare til foreldreråda i skulen og barnehagen. Dei vel sjølv om dei vil samarbeide om ein felles uttale frå barnehage og skule på eininga, eller om dei vil sende høyringsuttale kvar for seg. Kvar enkelt person kan og sende inn eigen høyringsuttale.

Elevrådet kan sende ein eigen høyringsuttale. Skulen ser til at dei får høve til det. Tilsette skal ikkje skrive uttale saman med føresette og elevar. Dei skriv eigne høyringsuttaler, gjerne saman med fagorganisasjonane.

Me har ikkje fått datoar for prosessen vidare, og datoar for høyringsfrist og kontordagar ute i bygdene er ikkje sett.

Info om skulebruksplanen og andre aktuelle skulesaker finn ein på Vindafjord kommune si heimeside under: Oppvekst, skule og familie - Nytt frå oppvekst.
<https://www.vindafjord.kommune.no/oppvekst-skule-og-familie/nytt-fra-oppvekst/>

Symjing og skulerute

3.-7. klasse startar opp med symjing tysdag 05.01.2021. Dei skal ha symjing kvar tysdag fram til vinterferien. 1.-2. klasse er med på symjing f.o.m 19.01 og fram til vinterferien.

Skuleruta for 2021-2022 ligg nå på kommunene si heimeside
<https://www.vindafjord.kommune.no/vindafjordskulen//>.

Kalender for starten av 2021

| | |
|--------------------|--|
| 04/01 | Skulestart etter juleferien |
| 05/01 | Oppstart med symjing for 3.-7. klasse |
| 14/01 | DKS Hvalgapet. Film for 5.-7. klasse |
| 19/01 | 1.-2. klasse er med på symjing frå 19.01 |
| 25/01 | Elevfri Planleggingsdag for personalet |
| 26/01-29/01 | Foreldrekonferansar/ utviklingssamtalar for alle elevar Halvårsvurderingane for elevane er blir lagt ut på Visma. Ein loggar seg inn og les desse på https://skole.visma.com/vindafjord |
| 09.02 | DKS 1.-7. trinn Konsert «Nina og sommerfuglfiskane» |
| 26/02 | Karneval for alle elevane. Elevrådet er med som arrangør. |
| 01/03 | Vinterferie 01/03 – 05/03 |

Ønsker alle ei skikkeleg god jul og takkar for godt samarbeid i året som har gått.

Helsing oss på skulen og på SFO

